



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
085/23	Formannskapet	22.11.2023
	Heradsstyret	

Sakshandsamar:	Sektor for oppvekst, undervisning og kultur	Linda Judith Svidal Nordås
Avgjerslemynde:	Arkivnr.: 20/2919	Klassering:

### Førespurnad om busetting av flyktningar 2024

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Osterøy kommune buset 65 flyktningar i 2024.**

#### Saksopplysningar:

Osterøy kommune er bedt om å busette 75 flyktningar i 2024. Kommunedirektøren vurderer at dette er høgare enn vi bør takke ja til, og innstiller på at vi buset 65 personar.

#### Bakgrunn

Det nærmar seg 2 årssdag for starten av Russland sin fullskala invasjon av Ukraina. Krigen fekk ikkje den raske avslutninga som ein håpte. Tal registrerte søknader om beskyttelse i Norge er høgare enn nokon sinne. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har sendt ut busettingsførespurnad til kommunane på til saman 37 000 i 2024. Av disse er Osterøy kommune bedt om å busette 75 personar.

Osterøy kommune er i ferd med å rigge seg for eit stabilt høgt tal nybusette dei neste åra. Talet vi stabiliserer organisasjonen for å ta i mot, er på rundt 60 personar årleg.

Det er ikkje berre administrasjonen og tenestene i Osterøy kommune som må rigge seg for å busette mange flyktningar dei neste åra. Det må òg lokalsamfunnet; innbyggjarar og bedrifter. Det vil bli krevjande å ta i mot og integrere så mange med ein anna kultur og språkbakgrunn. Ansvar for å legge til rette for at dei vert ein del av arbeidsliv, samfunnsliv og kvardagsliv deler vi.

#### Vurdering

Administrasjonen har gjort ein heilskapleg vurdering av kva vi har kapasitet til å busette. Vi gjer merksam på at tidsfristane har vore knappe.

#### Sektor for samfunnsutvikling

Bustad er vår største og mest krevjande flaskehals. Vi manglar bustader per i dag, dette gjeld egne bustader og tilgang til leigde bustader. Når det gjeld leigde bustader er mykje av potensialet tatt ut, men vi vil nok klare å skaffe nokon fleire. Når det gjeld egne (kommunalt eigde) bustader må vi erverve fleire. Også her er tilbodet av egne bustader på marknaden avgrensa, og vi må difor sjå på alternativ så som oppføring av modulhus. For å få dette til bør vi bruke busettingsklare tomter. Kommunedirektøren er uroleg for om sektor for samfunnsutvikling klarer å løyse denne utfordringa raskt nok, for busettingstakten bør vere jamn gjennom heile året.

### *Sektor for oppvekst, undervisning og kultur*

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur har Osterøy integrerings- og læringscenter i sin portefølje. Det er her hovudvekta av arbeidet vert utført, det vil sei kvalifisering av dei vaksne gjennom busetting, norskundervisning og ansvar for introduksjonsprogrammet. Det er begynt å bli trøngt i gangane på gamle Hauge skule, der læringscenteret held til. Saman med NAV har ein difor fokus på å få flest mogleg ut i ulike former for praksis så tidleg som mogeleg etter busetting. Det er òg konfliktdempande å få dei ut i praksis så raskt som mogeleg. Dette fordi krigen fører med seg konfliktar som vert ein del av skulemiljøet.

Frivilligsentralen opplever at minoritetsspråklege tek direkte kontakt med dei for å bidra i lokalsamfunnet. Denne gruppa har ikkje same tradisjon som nordmenn for kanalisere innsats gjennom lag og organisasjonar. Frivilligsentralen er under utvikling og oppbygging, og tek innover seg at dette er ein måte å bidra på som det må leggast til rette for.

Det er utfordrande med barnehageplassar. Vi veit ikkje kor mange barn i barnehagealder som vert busett, og vi veit ikkje kvar i kommunen vi har bustader til dei. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet ser det som sjølvstøtt at det er klare barnehageplassar, eller minimum mogelegheit for tilsyn, fortløpande gjennom året slik at foreldra kan gå raskt i gang med kvalifiseringsløpet.

Innføringstilbod i norsk for minoritetsspråklege barn er lokalisert til ressurscenter for kultur og språk. Her begynn ein no å få lagt bak seg oppstartsperioden, og rytmen er i ferd med å komme på plass. Det er framleis nokre systemmanglar ute på den enkelte nærskule, men dette ventar ein få greie system på plass for i løpet av 2024.

Familiens Hus, og spesielt helsestasjonen, gjer ein stor og viktig jobb i å kartlegge helse til alle nybusette. Dei gjer gode faglege vurderingar, og utviklar systema i tråd med behova dei ser i tett samarbeid med Osterøy integrerings- og læringscenter. Barne- og familieteamet har ansvar for familierettleinga som er ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet, og følgjer i tillegg opp familiar som har behov for dette.

### *Sektor for helse og omsorg*

Sektor for helse og omsorg vurderer følgjande på einingsnivå:

#### NAV Osterøy

I dei nye styringssignala frå Arbeids- og velferdsdirektoratet er det særleg vektlagt å få ukrainske flyktningar ut i arbeid så tidleg som mogleg. Dette med bakgrunn i den midlertidige kollektive beskyttelsen dei har, derfor vert det venta det at dei raskt kjem seg ut i arbeid.

Nav er ein viktig integreringsaktør. Nav skal bidra til at fleire flyktningar kjem i jobb, gjennom å sikra:

- At flyktningar med etterspurd kompetanse vert sett i kontakt med arbeidsgjevarar med rekrutteringsbehov.
- At flyktningar må kunne ta seg ein jobb som ikkje er relevant til tidlegare arbeidserfaring eller kompetansen dei har med seg frå heimlandet.
- God arbeidsretta oppfølging med sikte på rask overgang til arbeid for dei som registrera seg hjå Nav etter avslutta introduksjonsprogram.
- Vidare skal Nav sikra ein økonomisk tryggleik gjennom Lov om sosiale tenester, for dei som ikkje har nok inntekt til å forsyta seg sjølv og sin familie.

Å skaffe til veie bedrifter for både utprøvningsarena og bedrifter som vil tilsette er eit langsiktig arbeid oppfølging både med den enkelte flyktning på arbeidsplassen og med bedrifta. Språk og kompetanse vil gjerne vere ein utfordring. Derfor blir det viktig at Nav sine rettleiarar er tett på.

Sosialhjelpsutgiftene vil auka i takt med at ein ikkje får personar ut i aktivitet eller arbeid. I tillegg har ein ikkje rett på til dømes alderspensjon er må leve av sosialhjelp.

Økonomi:

Med den uvissa om kva våre nye flyktningar måtte utløyse av hjelpebehov frå Nav; arbeidsretta eller sosialhjelp, vil ein legge inn 1 stilling frå 01.07.24. med kr 350.000,-

#### LEGETENESTA

Pr 14.11.23 er det i Osterøy 7182 fastlegeplassar. Det betyr at om lag 1000 personar som bur på Osterøy ikkje får fastlege i vår kommune. Det er venta at dei flyktningane som kjem framover har meir behov for legetenester både i spesialisthelseteneste, i fastlegeteneste og i kommunehelseteneste.

Økonomi:

For å møte det auka behovet for legetenester blir det behov for å opprette ein (1) ny fastlegeheimel. I tillegg vil det være behov for å auke den kommunale legeressursen inn mot helsestasjon med mottak, helseundersøkingar, screening osv

#### PSYKISK HELSE- OG RUSOMSORG

Det er 3.5 (350 %) stilling som jobbar i psykiaritteam. Desse føl opp mellom 80-100 brukarar. Tenesta har i tillegg ein kommunepsykolog som gjennomsnittleg har cirka 100 individuelle brukarar pr år. Tenesta har i dag snudd drifta frå individuell- til gruppebehandling for å møte det aukande behovet i tenesta. Desse kursa og gruppene forgår på Norsk slik at brukarar som ikkje kan norsk, ikkje kan nytte seg av tilboda. Det vil difor være meir tidkrevjande å følge opp denne gruppa av brukarar, da desse må ha individuell oppfølging. Det vil krevje meir tid i oppfølging på grunn av bruk av tolk og få forståing av det norske helsesystemet. Det er venta at flyktningar som kjem framover i større grad har traume og har auka behov for psykisk helsehjelp. I 2023 kom det inn 78 nye søknader, i år er talet fram til i dag på 90 - på 4,5 tilsette.

Økonomi:

Sett i lys av eit forventet auke i behov og som vist over auke i behov for individuell oppfølging vil det være behov for 1-2 årsverk i tenesta.

#### OSTERØYTUNET OG ERGO-FYSIOTERAPI TENESTA

Ved opning av gruppe 5 ved Osterøytunet vil ein ha noko ekstra institusjonskapasitet slik det ser ut i dag. Når det gjeld ergo-fysioterapitenesta er det i dag ventelister i begge desse tenestene. Det er også ventelister på det private instituttet, slik at den private tenesta vil ikkje kunne stette opp eit behov for fysioterapiressursar. Ved auke i behov for tenester innan ergo-fysioterapiområdet så vil konsekvensen være auke i ventetid dersom ein ikkje aukar ressursar til dette feltet.

#### BU- OG AVLASTNINGSTENESTA

Tenestene har i sine framskrivingar for 2024 lagt inn tenesteyting slik dei har vedtak på i dag. Ved auke i behov i denne tenesta vil ein i liten grad kunne dekke inn eit auka behov innan dei eksisterande rammene.

## HEIMETENESTA

Som i dei andre tenestene er det venta at dei som no kjem inn som flyktningar så er behovet aukande for helse og omsorgstenester. Dei fleste av dei som kjem vil være heimebuande og vil difor då potensielt få tenester frå heimetenesta dersom det er behov for helse og omsorgstenester. Heimetenesta kan dette noko auka behov for tenesteyting, men ved større behov må ein vurdere å auke opp ressursar også i heimetenesta.

### *Næringslivet*

Vi er nøydde til å etablere dialogpunkt med næringslivet for å få dei tidlegare ut i arbeid. Dette blir eit utviklingsområde i 2024.

Heradsstyret gjorde for nokre år sidan eit vedtak om at all undervisning på Osterøy integrerings- og læringscenter skal gjennomførast på nynorsk. Dette er det fordeler og ulemper med. For foreldra som har barn som lærer nynorsk på skulen, vert det lettare å følgje med i deira opplæring. Det er òg lettare å forstå Osterøy dialekta når dei lærer nynorsk. I møtet med arbeidslivet kan det vere ein ulempe. Jobbklubb, som er eit tiltak i NAV-systemet, er på bokmål fordi dei fleste arbeidsplassar nyttar bokmål. Når dei nybusette skal ut i arbeidslivet raskt etter busetting, er det for tidleg til å klare å handtere to ulike målformer.

### *Lokalsamfunnet*

Då krigen i Ukraina braut ut, var sympatien stor. No er krig i Europa ein del av kvardagen. På sosiale media er det ukrainske flagget bytta ut med det palestinske. Det er likevel flest Ukrainere vi vil busette i 2024. Kvar enkelt innbyggjar på Osterøy har eit ansvar. For å bidra med skyss til fritidsaktivitetar. For å rettleie i sosiale koder. For å snakke i eit litt lågare tempo, i litt kortare setningar, slik at alle forstår. For å gjenta det same gang på gang, fordi det tek tid å bli ein del av eit nytt lokalsamfunn. Mange innbyggjarar gjer dette allereie, men vi må bli fleire som tek ansvaret. For det er krig i Europa, og det påverkar oss alle.

### *Folkehelse*

Kommuneplanens samfunnsdel omtaler kor viktig det er med tryggleik og god integrering i samfunnet. Osterøysamfunnet skal ha eit inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane opplever tilhøyrsløse uavhengig av kulturelle, sosiale og økonomiske tilhøve. Gode levekår og deltaking i samfunnet er viktig for flyktningar og alle andre i lokalsamfunnet.

Folkehelsearbeid er vår innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel, forebygge psykisk og somatisk sjukdom samt å utjamne sosiale skilnadar.

### *Miljø*

Ikkje vurdert.

### *Økonomi*

I budsjettet for 2024 er det budsjettet med 60 nybusette i 2024, og at 60 av dei busett i 2023 blir værande i kommunen (vi vil mest truleg busette rett i overkant av 60 personar). Det realistiske er noko meir utflytting av dei vi har busett i 2023, og det vert difor anbefalt å vedta å busette 65 personar for at budsjettet skal balansere. Dette vil ein mest truleg handtere utan auke i tal tilsette i sektor for Oppvekst, undervisning og kultur.

Sektor for samfunnsutvikling har i fordelinga av integreringsmidlar fått tildelt 800 000 til ei prosjektstilling for å rigge om måten ein arbeider med bustadarbeidet på, i tillegg til midlar til å sjå på nybygg.

For vurderingar for sektor for helse og omsorg, sjå under kvar enkelt eining i sektoren.

### **Konklusjon**

Osterøy kommune må ta sin del av ansvaret for busette flyktningar. Det er krig i nærområdet vårt, og det påverkar oss. Ein ynskjer å stabilisere busettingstakten, og innstiller difor på det talet vi har busett i 2022 og 2023.

Osterøy kommune gjer vedtak om busette 65 flyktningar i 2024.

### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost